



Til sokneråd, kyrkjelege fellesråd, prostane og bispedømekontora

Endring i lov og forskrift knytta til innmelding i og utmelding av Den norske kyrkja – innføring av nettbasert løysing for sjølvbetjent kontroll av medlemskapsstatus i Den norske kyrkja samt inn- og utmelding

Kyrkjelova § 3 nummer 8 første ledd og fjerde ledd blir med verknad frå 1. juli 2016 endra. Første ledd vil lyde som følgjer:

Innmelding i, og utmelding av Den norske kirke skjer *ved henvendelse* til kirkebokføreren på bostedet *eller til Kirkerådet*. Utmelding kan *alltid* skje skriftlig. Er vedkommende bosatt i utlandet, rettes henvendelsen til kirkebokfører på siste bosted her, eller såfremt vedkommende ikke har hatt bosted her, til den kirkebokfører *Kirkerådet* bestemmer.

Fjerde ledd vil lyde som følgjer:

Kirkemøtet gir nærmere regler om fremgangsmåten ved innmelding og utmelding og melding etter dette nummer, herunder hvilke opplysninger som kan kreves.

Som det går fram av desse utdraga frå kyrkjelova, blir det ikkje lenger krav om personleg oppmøte for å melde seg inn i Den norske kyrkja. Dersom ein er døypt, vil innmelding kunne skje gjennom skriftleg førespurnad. Kyrkjerådet er lagt til som alternativ mottakar av førespurnader i tillegg til kyrkjebokførar på bustaden.

Kyrkjemøtet har òg fått fullmakt til å gi nærare reglar om framgangsmåten ved inn- og utmelding. Kyrkjemøtet har allereie utarbeidd ei ny forskrift om innmelding i og utmelding av Den norske kyrkja. Denne forskrifta trer i kraft på det tidspunktet direktøren i Kyrkjerådet fastset, ut frå delegasjon gjeven av Kyrkjerådet i sak KR 27/16.

Direktøren fastset med dette at forskrifta trer i kraft 15. august 2016. Ny forskrift finn ein på følgjande nettadresse: https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkemotet/2016/vedtak/km_20_16_vedtak.pdf

Desse endringane i kyrkjelov og forskrift om innmelding i og utmelding av Den norske kyrkja er i hovudsak gjort med tanke på innføring av nettbasert løysing for inn- og utmelding. Kyrkjerådet har våren 2016 utarbeidd ei slik løysing. Alle personar i Noreg med tilgang til ID-porten vil der kunne logge seg på for å kontrollere medlemskapsstatus i Den norske kyrkja og eventuelt melde seg

inn i eller ut av denne. Løysinga blir ferdigstilt i løpet av juni måned og blir teken i bruk 15. august 2016. Det blir lenka til ID-porten frå kyrkja.no/medlem

Den nye løysinga kjem i tillegg til dei allereie eksisterande måtane å melde seg inn eller ut av kyrkja på. Dette vil seie at folk framleis kan sende førespurnad om utmelding til det lokale kyrkjelydskontoret, og desse må bli handsama på same måte som tidlegare. Om nokon ønskjer å melde seg inn hos presten, er dette like naturleg som tidlegare. Den nye løysinga er eit supplement.

Samstundes er det ønskjeleg at det blir kjent at den nye løysinga no er tilgjengeleg. Det er framleis nokre feil i medlemsregisteret, og det er viktig å oppmode alle som vil vite eigen status til å sjekke dette sjølve i den nye løysinga. På denne måten kan det bli endå betre kvalitet i registeret. Det er også ønskjeleg at dei som har sett seg føre å melde seg ut, nyttar den nye løysinga. Dette sparar arbeid, og utmeldinga skjer utan opphald.

Sjølv om Kyrkjerådet i ny forskrift har fått mynde til å utføre inn- og utmeldingar, er det ikkje tenkt at dette endrar det pastorale ansvaret. Det vil bli sendt melding til alle sokn om dei innmeldingar og utmeldingar som blir gjort gjennom den digitale løysinga, om lag som dette:

From: Selvbetjeningsløsning inn- og utmelding [<mailto:imap.dkr@gmail.com>]

Sent: 22. juni 2016 14:24

To: NORDSTRAND SOKN <post.nordstrand@oslo.kirken.no>

Subject: Utmelding i NORDSTRAND SOKN via selvbetjeningsløsningen

En person som sokner til NORDSTRAND SOKN har i dag meldt seg inn i Den norske kirke via selvbetjeningsløsningen på www.kirken.no. For oppfølging, søk opp saksnummer 22082016 i eKirkebok. Lokal kirkebokfører bør sjekke oppgitt informasjon om dåp, og bør sørge for at det blir tatt kontakt med den som er innmeldt, jf. Forskrift om innmelding i og utmelding av Den norske kirke § 4.

Med vennlig hilsen,
Kirkerådet

NB! Denne e-posten kan ikke besvares. Eventuelle henvendelser må sendes support@kirken.no

Desse meldingane vil bli sende til den e-postadressa som soknet har registrert i Einingsregisteret. Det er difor sær viktig at det er rette e-postadressa som er registrert i Einingsregisteret (jf. [rundskriv 2-2016](#)). Det er ikkje naudsynt å gjere noko lokalt med utmeldingar som er gjort i den nye digitale løysinga, men innmeldingar må bli følgde opp lokalt. Det pastorale ansvaret til den kyrkjebokførande prest er sær viktig med tanke på nettopp innmeldingar. Her er eit eksempel på ei innmelding (sjå særleg det som er streka under med raudt – sjå neste side):

DEN NORSKE KIRKE
De kirkelige registrene

Hjelp til bruk Handlinger Medlemmer Skattefrie gaver Kirkevalg Organisasjon

Innmelding [Info om Innmelding](#)

Innmeldt person
Person: ██████████ ANDERS BACKER-GRØNDAHL EIDE (medlem)

Gjennomføring

Innmeldt dato:	22.06.2016
Ansvarlig sokn:	NORDSTRAND SOKN
Innmeldt sted:	Digital selvbetjeningsløsning
Kirkebokfører:	Ikke registrert
Merknad:	<u>Døpt i Åsane kirke, Den norske kirke i 1973</u>
Saksnummer:	22082016

Informasjon fra medlemsregister/DSF

Bostedsadresse:	URTESTIEN 9, 1184 OSLO
Bostedsokn:	NORDSTRAND SOKN
.....	
Født dato:	01.08.1973
Født sokn:	null
Dåp dato:	28.10.1973
Dåp sokn:	ÅSANE SOKN

Foreldre i DSF

	FNr	Navn
Forelder:		
Forelder:		

Presten må sjå til at informasjon om dåp verkar truverdig. Det bør bli sendt eit velkomstbrev til den som melder seg inn, og gjerne også informasjon om arbeidet i kyrkjelyden, jf. ny forskrift om innmelding i og utmelding av Den norske kirke § 4.

Oslo, 1. juli 2016

Ole Inge Bekkelund
Fungerande direktør i Kyrkjerådet

Ingeborg Dybvig
Kommunikasjonsdirektør